



Odda, 24.08.22

Rettleiing i byggesaker

Sikkerheitsklasse for tiltak i lys av flodbølgjesituasjon i Sørfjorden

I mars 2022 mottok Ullensvang kommune aktsemdskart for flodbølge etter fjellskred. Dette kan få konsekvensar for store byggeprosjekt som ligg innanfor aktsemdssona. Årleg nominelt sannsyn for slik sekundærverknad av skred er sett til 1/5000.

Innanfor aktsemdssona må såleis bruksendringar og nybygg dokumenterast å vere i sikkerheitsklasse S1 eller S2. jf. pbl § 28-1, jf. TEK17 § 7-3. Tiltak i sikkerheitsklasse S3 kan ikkje byggjast.

For at eit byggverk skal kunne plasserast i sikkerheitsklasse S2, skal det normalt opphalde seg maksimum 25 personer.

Korleis vurdere personopphald i ein bygning?

Kommunen fått følgjande informasjon frå KDD;

For bygg i sikkerhetsklasse S2, legger DiBK og NVE til grunn at dette omfatter bl.a. overnattingssteder og publikumsbygg tilsvarende ti boligekvivalenter med gjennomsnittlig personopphold inntil 25 personer pr døgn hvor det legges til grunn at det oppholder seg 2,5 personer pr bolig.

Det er såleis avklart korleis ein vurderer bustadprosjekter. Her gjeld ei avgrensing på maksimalt 10 bustadeiningar i eit bygg. Mindre bustadbygg er ikkje omfatta.

For andre bygg med eit vesentleg personopphald må det i kvart einskild prosjekt gjerast ei utrekning for gjennomsnittleg personopphald. I denne utrekninga kan ein leggje til grunn eit ulikt antall menneske for kvart time i døgnet og ulike mengder menneske på ulike dagar. Gjennomsnittet av dette skal vere under 25 personar for at tiltaket skal kunne vurderast som eit S2-tiltak. Utrekninga må ta høgde for auka personopphald i framtida innanfor gjeldande godkjenning. Det er ansvarleg søkjar som skal sørge for at utrekninga/vurderinga er på plass ved oversending av søknad til kommunen.

Kva er eit bygg?

Det kan i enkelte tilfelle vere vanskeleg å definere kva som er ein bygning og eit tiltak. Spesielt gjeld dette der fleire byggetrinn/bygningar er bygd saman, til dømes i ei gate.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 10.00 - 14.00

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda

postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik



www.ullensvang.kommune.no



Ullensvang kommune

Ullensvang kommune legg til grunn at ein kan ta utgangspunkt i bygningsnummer for vurdere avgrensing på ein bygning. Det kan likevel vere forhold som gjer at fleire bygningsnummer må vurderast til å vere same bygning. Dette gjeld spesielt i tilfeller der fleire bygningsnummer fungerer i nært og intern samspel, til dømes med felles brannceller eller felles intern logistikk og inngangsparti. Etter TEK17 § 7-3 andre ledd, jf. rettleiing, er det enkelte døme der ein ikkje kan ta utgangspunkt i bygningsnummer. I tvilstilfelle, må ansvarleg føretak gjera ei konkret vurdering. Ta gjerne kontakt med kommunen for drøfting.

[Link til TEK § 7-3 med rettleiing](#)

[Link til TEK § 7-4 med rettleiing](#)

Telefon byggesak, Ullensvang kommune:

Epost byggesak: byggesak@ullensvang.kommune.no

Vedlegg: Brev frå KMD, datert 13.07.22.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 10.00 - 14.00

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda

postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik



www.ullensvang.kommune.no